



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/836 - 19/9807

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.03.2019

Løyve til riving/demontering og lagring av lemstove - gbnr 137/690 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 175/19

Tiltakshavar: Lindås kommune ved Eigedomsavdelinga
Ansvarleg søkjar: Hlm Arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av lemstove, med bygningsnummer 176243724, på gbnr 137/690. Bygget har eit bygd areal opplyst til 90 m² og eit samla bruksaresal på 82 m².

Søknaden omfattar demontering, reinsing og lagring av lemstova slik det er skildra i «Tiltaksplan for flytteprosessen av lemstova». Lemstova, som har nasjonal kulturminneverdi, skal på eit seinare tidspunkt førast opp på ny plassering innanfor BOP2 og omsynssone H570_2.

Det vert elles vist til søknad mottatt 12.03.2019 med tilleggsdokumentasjon seinast mottatt 25.03.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.03.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato, dvs. 15.04.2019.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område som er omfatta av Alversund områdereguleringsplan, med plan-ID 1263-200902. Arealet der lemstova er plassert i dag er avsett til vegareal. Ny plassering vil liggja i område som er avsett til offentleg eller privat tenesteyting, BOP2 og innanfor omsynssone H570_2.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med plan.

Uttale frå anna styresmakt



Hordaland Fylkeskommune ved fylkeskonservator har i skriv datert 25.03.2019 godkjend tiltaksplan for flytteprosessen for lemstova.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det vart send ut felles nabovarsel for søknad om oppføring av ny skule og fleirbrukshall, etablering av infrastruktur og riving av lemstova.

Det er mottatt merknader frå Statens vegvesen og eigar av gbnr 137/14. Ingen av merknadane gjeld søknaden om riving av lemstova på gbnr 137/690.

Plassering

Lemstova som skal rivast/demonterast og ny plassering av lemstove er vist i situasjonsplan datert 11.03.2019.

Hordaland fylkeskommune ved fylkeskonservator og Statens vegvesen har i skriv datert 12.03.2019 godkjend ny plassering av lemstova slik det går fram av situasjonsplanen.

Veg, vatn og avløp (VVA)

Ikkje relevant for tiltaket.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Søknaden om demontering og lagring av lemstova er del av arbeidet med realisering av nye Alversund skule, fleirbrukshall og tilhøyrande anlegg slik dei går fram av godkjend områdereguleringsplan.

Demontering og lagring av lemstova vert godkjend slik det går fram av søknaden. Ny plassering av lemstova vert godkjend slik den er vist på situasjonsplanen.

Privatrettslege tilhøve

Lindås kommune ved eigedomsavdelinga er i søknaden oppgitt som tiltakshavar, medan Kjersti Alver og Harald Sagstad er heimelshavar. Lindås kommune er i prosess og skal kjøpa den delen av gbnr 137/690 som ligg innafor reguleringsplanen, jf. arkivsak 18/3880 som gjeld søknad om frådelling av ny grunneigedom. Det er inngått kjøpekontrakt. Heimelshavar er også varsla om omsøkte tiltak.

Administrasjonen legg til grunn at nødvendige privatrettslege forhold er sikra slik at Lindås kommune ved eigedomsavdelinga kan søkja om riving av lemstova.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i til riving/demontering og lagring av lemstova med adresse Alverflaten 248 og bygningsnummer 176243724 på gbnr 137/690 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Lemstova som skal rivast/demonterast og ny plassering av lemstove er vist i situasjonsplan datert 11.03.2019.
2. Rivinga/demonteringa skal skje i samsvar med godkjend tiltaksplan.
3. Rivingsplassen skal vera forsvarleg sikra, jf. pbl. § 28-2.
4. Alt rivingsavfall skal leverast som næringsavfall til avfallmottak godkjend av forureiningsstyresmakta.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/836

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hlm Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås kommune ved Eigedomsavdelinga	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS	C. Sundts gate 1	5004	BERGEN
Lindås kommune ved Eigedomsavdelinga	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ